

Nord-Trøndelag Teater presenterar
ein poetisk «gysar» om eit gruvemiljø og eit varsel

Sterkare enn døden

Ei familieforestilling med
**Tov Sletta og Sarah
MacDonald Berge**



2011 PROGRAM

NORD-TRØNDELAG
TEATER

TEATER
tamegmed!



Liv Hege Nylund

Kjære publikum!

Velkommen i teatret og til familieforestillinga «Sterkare enn døden». Nokre år før Sulitjelma gruver vart nedlagde skreiv Sissel Solbjørg Bjugn ei forteljing kalla «Bill og ei til» som vi har dikta vidare på.

Det viste seg at historia også hadde kontaktpunkt med Nord-Trøndelag. Hausten 1984 hadde engelske gruvarbeidarar streika i over åtte månader for å verje arbeidsplassane sine. Vinteren sto for døra og straumen vart stengd om dei ikkje betalte rekninga. Dei måtte få hjelp på tvers av landegrensene. I oktober kom dei til Noreg for å få økonomisk støtte til streiken sin og det fekk dei både i Sulitjelma og frå arbeidarane på Aker Verdal. Malmåra i Sulisfjella er også grenselaus, den går heilt ned til Skorovatn.

Nord-Trøndelag Teater skal krysse fylkesgrensa i sør med forestillinga «Sterkare enn døden». Den skal spelast på dei stadene i heile Trøndelag som har tradisjonar innafor gruveindustri.

«Ta meg med!»

Med denne turnéen håper vi på ein «ta meg med!»-effekt slik at vaksne og born kan oppleve teater saman. Vi er inspirerte av aksjonen «les for meg pappa!» som Foreininga !Les saman med biblioteka og LO starta i 2010. Det er mange historier som skal forteljast og mange nye spørsmål som krev svar.

«**Sterkare enn døden**» handlar om eit varsel. I mange risikoyrke kjenner ein til det fenomenet. Om ein ikkje trur på varsel så kan ein likevel seie at forteljinga gir eit signal til oss, eller som Andreas seier til Bill når dei står framfor Jakobsbakken; eg vil berre syne deg kva som kan skje.

«Coale not Dole» – arbeid, ikkje trygd sa dei engelske gruvarbeidarane. Det var i 1984. Motsetnaden mellom livsvilkåra til eit lite samfunn og næringsinteresser med krav til lønnsemd er stendig like utfordrande.

God oppleving!

Varsler

Eit varsel er eit budskap frå overnaturlige makter om hendingar i framtida.

Det fins ein rik tradisjon omkring folkeleg varseltaking og spådomskunst. Norsk tradisjonsmateriale har ei rekke eksempel på korleis vanlege folk under visse omstende kunne få innblikk i denne løynde framtida.

Til grunn for varseltradisjonen ligg trua på at menneska sin skjebne er avgjort på førehand av høgare makter.

Skjebnen kunne ikkje endrast, men ved å ta imot varsel kunne ein i det minste kikke den litt i korta. Varseltakinga var knyta til viktige område i livet som ein gjerne ville vite noko om: kven som skulle døy og når, spørsmål om kjærleik og ekteskap, velstand og helse, og meir praktiske emne.

Ei anna form for varseltaking er varsel som kjem i form av spesielle sanseopplevingar og inntrykk, som draumar eller syner.

Denne typen varsel er godt kjende frå forteljingar frå vår eiga tid. Mange personlege forteljingar om overnaturlige opplevingar (memorater) handlar om slike varsel.

Gjennom draumar, syner, tankeoverføringar eller liknande, vert det varsla om død, sjukdom eller andre dramatiske hendingar, som oftast blant forteljaren sine nærmaste.

Cathrine Cranner

*cand.mag. i folkloristikk (kulturhistorie)
nettstedet Ariadne ved UiO.*




EPILOG


*Føtene hennar leivde ingen spor i sanden
Kolgruva sine heltar står der
med tomme hender
Hender som lengtar etter arbeid
Framleis ris sola
sakte opp over horisonten
og spreier det klare lyset sitt
mot gruvesjaktene*

*Føtene hennar leivde ingen spor i snøen
Sulitjelma sine kjemper finst der
med dei tomme hendene sine
Hender som lengtar etter arbeid
Framleis ris sola
sakte opp over fjella
og spreier det sterke lyset sitt
over Langvatnet*


*Føtene hennar leivde usynlege spor i sanden
Arbeids-heltane står der
og veit om
kreftene i sine hender
Da ris sola, ho kjempar seg sakte
over horisonten
og spreier det varme lyset sitt
over våre hender*

Arne Andersson





«Vi gruvearbeidarar
må halde saman!»



Tov Sletta



Tov har vakse opp på Torshov i Oslo og er utdanna ved skodespelarutdanninga ved høgskolen i Nord-Trøndelag. Han er frilans skodespelar og har bl.a. spela på Teaterhuset Avant Garden, Dramatikkens Hus, Nord-Trøndelag Teater og Det Norske Teatret. Han hadde sin filmdebut som David Toska i filmen om Nokas i 2010 og har også medverka til fleire kortfilmar. Vi møter han no som gravearbeidaren Andreas i «Sterkare enn døden».

Sarah MacDonald Berge



Sarah har vakse opp i Oslo. Ho er utdanna skodespelar frå The Russian Academy Of Theatre Arts Gitis og musikallinja ved Bårdar Akademiet samt Sanger/pedagog frå Complete Vocal Institute, København. Etter at ho gjekk ut frå teaterskolen i 2008, har ho jobba som frilans skodespelar ved bl.a. Det Norske Teatret, Brageteatret; og no møter vi henne som Bill og Mary i «Sterkare enn døden».

Sterkare enn døden

SKODESPELARAR:

Andreas
Bill
Mary

Tov Sletta
Sarah MacDonald Berge
Sarah MacDonald Berge

KUNSTNARLEG STAB:

Forfattar
Dramatisert av
Regi
Scenografi
Musikk
Kostyme
Musikkutdrag i
forestillingen

Sissel Solbjørg Bjugn
Arne Andersson
Liv Hege Nylund
Hans Petter Harboe
Frode Fjellheim
Merete Olsen

«Strength» av The Alarm
«Lionheart» av Kate Bush

PRODUKSJONSTEAM:

Produksjonsleiar
Teknisk leiar
Lys

Marte Grande Tachezy
Øivind Holm
Øivind Holm
Simen Høy Aasheim
Tor Odd Aasberg
Tor Erik Flyum
Are Luke Muggerud
Mari Jarstein
Ragnhild Ward Bugten
Hilde Bjerkeskaug
Ragnhild Vannebo

Lyd
Teknikar

Rekvisittar
Sminke
Sufflør
Språkkonsulent

Marknadsføring

Bente Borgan Helden
Aud Lien Sellæg

Foto program/plakat
Grafisk design
Trykk

Espen Aamo Storhaug
Vestvik Reklame AS
NTNU-trykk

Repertoar 2011

KRIG OG KJÆRLEIK OG SÅNN

Konsertkabaret med tekst og musikk av Bertolt Brecht og Kurt Weill

Herrane Brecht og Weill er kanskje mest kjende for samarbeidet om den populære «Tolvskillingsoperaen». Nord-Trøndelag Teater vil framføre eit knippe av dei mest fengande songane frå både «tolvskillingen» og andre musikkspel dei har gjort saman.

Vi blir også kjende med fleire frodige figurar dei har skapt, bl.a. banditten Mackie Messer, Sjørøvar-Jenny og andre. Framsyninga vert framført med «laus snipp» og høver særleg i eit kafémiljø.

Medverkande:

Jeanette Hoseth

Ola Fjellvikås

Tore B. Granås

Liv Hege Nylund

Manus og regi: Leo Cullborg

Musikken vert spela av Quintus

Samarbeid med NTT og MiNT

Premiere 30. april 2011

*Krig og
kjærleik
og sånn*

Brecht Weill

HELG

For første gong samarbeider dei tre store teatra i Midt-Noreg om ei framsyning som skal turnere i dei tre fylka.

Nord-Trøndelag Teater, Teatret Vårt i Molde og Trøndelag Teater er stolte over å presentere ein norsk urpremiere på eit stykke som forankrar seg i kystfolket og utfordringane deira: «Helg» av Torvald Sund.

Handlinga tek til i ytre Trondheimsfjord. Gjennom fleire hundre år har sildefisket skapt stor vekst og velstand. Havets sølv har gjort tettstadene rundt utløpet av fjorden til viktige kraftsenter, økonomisk og sosialt. Dette året blir silda borte.

På eit knapt helgedøger vendest livet i ein familie opp ned. Fortid, notid og framtid snurpar seg saman til ein farleg malstraum som dei vert tvungne inn, og trekte ned i.

Regi: Liv Hege Nylund

Medverkande: Wenche


Strømdahl og Hallbjørn Rønning

Premiere: 24. august 2011

ved Trøndelag Teater med

påfølgjande turné i Nord-

Trøndelag medio september



Kampanjen «Ta meg med!»

fokuserer på verdien av at vaksne tek med borna i teatret for felles gode teater-opplevingar! Sjå etter «Ta meg med!»-logoen og få gode rabattar!

“Ta meg med!”-billett!

Dette er ein familie-/grupperabatt. Her får du kr. 50,- i avslag pr. billett ved kjøp av minimum 4 stk.

NORD-TRØNDELAG
TEATER

ta meg med!

ta meg med!

Nord-Trøndelag Teater har gått over til førehandssalg av billetter på nett. Her kan du som kunde gå inn på teatret si heimeside, velje spelestad, betale med kort og skrive ut billetter sjølv heime.

For dei som ikkje er brukarar av nettet, har teatret ope for billettbestilling på telefon mellom kl. 12–14, mandag–fredag, for alle spelestadene.

Om ein vel å kjøpe billetter via nettet, oppnår ein ein rabatt på kr. 5,- pr. billett i høve til om du ringer og bestiller, eller kjøper ved inngangen før framsyninga. Når det gjeld kulturhusa vil ordninga halde fram som før ved at vi brukar deira billettsystem.

Telefonnummer for billettbestilling: 469 15 000

Kjøp på nett: www.nordtrondelagteater.no